

MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger
Møtedato	26.08.2016
Kl.	10:00 – 14:00

År 2016, den 26. august kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på fylkeshuset, Leikanger.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 17. august 2016.

Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjent.

Representantane Henrik Oppen, Harald Bjarthe Reite og Torbjørn Vereide hadde meldt forfall til tingseta. Fylkestinget godkjende forfalla til Oppen, Reite og Vereide. I deira stad møtte Siri Sandvik, Stig Ove Ølmheim og Ragnhild Sæle.

I tillegg fekk Hilmar Høl permisjon frå kl. 13:00. I hans stad møtte Helge Robert Midtbø.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Erlend Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmseter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Karin Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Karianne Torvanger
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic
Siri Sandvik
Stig Ove Ølmheim
Ragnhild Sæle

HØGRE:

Noralv Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Marita Gunn Aarvik

VENSTRE:

Gunhild Alis Berge Stang
Alfred Bjørlo

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob André Sandal

MILJØPARTIET DEI GRØNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård og Merete Husabø Nornes som sekretariat.

Representantane Anders Ryssdal og Sonja Merethe Øvre-Flo vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at saka 30/16 vart sendt ut 22. august 2016.

Saklista vart godkjend.

Styreleiar i Havilafjord AS, Per Sævik, orienterte om Havila-konsernet. Medlemene i fylkestinget fekk høve til å stille spørsmål til Sævik.

Styreleiar i Fjord1 AS, Pål W. Lorentsen, fekk ordet.

Gruppene fekk høve til å avvikle gruppemøte frå kl. 10.45 – 11.45.

SAK 30/16 Sal av Fjord1 aksjar

VEDTAK:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner at F1 Holding AS sel aksjane i Fjord1 AS til Havilafjord AS. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS fyrst sel 26 % av aksjane no. Havilafjord AS har så ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 33 % mellom 1. januar 2017 og 31. mars 2019, medan F1 Holding AS har rett (opsjon) til å selje resterande 33 % til Havilafjord AS mellom 1. januar 2019 og 28. februar 2019.

Fylkestinget har ikkje merknader til tilhøyrande avtaleverk, dvs. aksjekjøpsavtalen, opsjonsavtalen, låneavtalen og aksjonæravtalen for den felles eigarskapen mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS, jf. uprenta vedlegg.

2. Fylkestinget føreset at F1 Holding AS vedtek nemnde avtaleverk.
3. Fylkestinget viser til at Havilafjord AS har forplikta seg til å trekke søksmålet mot F1 Holding AS for Sogn tingrett. Fylkestinget konstaterer at denne saka, som følgje av dette FT-vedtaket, vil vere forlikt mellom partane.
4. Sals- og renteinntekta vert overført som ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen. Den skal, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter og bankgaranti, nyttast til gjeldssanering. Sett i lys av pågåande regionreformprosess, vil fylkestinget likevel – for inntekter mottekne etter 2016 – vurdere fondsavsetjing som alternativ til gjeldssanering.
5. Fylkeskommunen sin eigarrepresentant/generalforsamling i F1 Holding AS får fullmakt til å slutføre salet.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 26. august på Fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 14:00.